

Sakspapir

Saksnr	Utval	Møtedato
131/2014	Formannskapet	02.12.2014

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Svein Helge Hofslundsengen	FA - D35, HistSak - 12/430, TI - &02	14/1045

Klage på støy frå nærmiljøanlegg ved Sandnes skule

Formannskapet - 131/2014

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte kort og saka vart drøfta.

Arthur Sjursen (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Foreslår at vi monterer isolasjonsmatter på ballveggen.

Framlegg frå rådmann og framlegg frå Ap vart røysta opp mot kvarandre.

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart vedteke mot ei røyst (Ap).

FS - vedtak:

Formannskapet tek støyproblema på alvor og viser til uttalane i saka og til vurderingsdelen, og ber om vidare utgreiing i samarbeid med akustisk kompetanse på korleis støyskjermingsveggar vil dempe impulsstøyen. Før tiltak vert iverksett må ein vurdere nærmare verknadsgrad og kostnader, og tiltak må finansierast innafor kommunen sitt ordinære driftsbudsjettet. Eiga sak om dette må leggjast fram når slik utgreiing ligg føre. Brukarane av nærmiljøanlegget (FAU og elevråd) må og vera høyrte før saka kjem opp til ny handsaming.

Underliggende saker:

Bakgrunn

Klage frå to av naboane til nærmiljøanlegg ved Sandnes skule, og det vart som følgje av klagen gjennomført støymåling frå anlegget

Dykkar ref.

Vår ref.
2013/2665 - 18079/2013

Saksbehandlar – tlf.
Grethe Elin Mjelde - 56 37 57 70

Arkivkode

Dato
19.07.2013

Støymåling ved fotballbane/ballvegg ved Sandnes skule

➤ *Konklusjon og anbefalte tiltak*

Maksimalt støynivå er over det anbefalte og støydempende tiltak må utførast. Dette for å oppnå at maksimalt støynivå er under 60 dB ved nærliggande bustadfasade.

Det vert anbefalt å innhente fagkompetanse på støy og akustikk, slik at evt. støyskjerm vert plassert ut frå akustisk verknad og topografi.

- Støyskjerm eller jordvoll kan vera aktuelle støydempende tiltak, evt lage ei tribune med støyskjermingsvegg. Andre tiltak kan vera å plassere sjølve støyskjermen ved næraste bustad. Skjerming av uteområdet ved bustaden vil i dei fleste tilfeller også sikre lavt lydnivå innandørs.
- Betre støydemping av trevegg vil kunne hjelpe, men dette reduserer ikkje evt. stemmebruk som også kan opplevast som støy for nærliggande bustadar.

Vurdering

Kommunen har teke støyproblema på alvor og jobba mot ei løysing som alle partar kan vere tent med. Naudsynte tiltak må vurderast nærmare med tanke på verknadsgrad og kostnader.

Målingane ved støymåling viser for høge verdiar, og tiltak nødvendig.

Tiltak i tråd med eksterne tilrådingar går på å montere opp tynne isolasjonsmattar på ballveggen, og fått innhenta pris for levering av 60 m² med transport frå fabrikk, ulosset: kr. 34 000.- eks. mva. Det følgjer då med lim til å lime mattene saman sideveis. Mattene kan og punktfestes med lim til treverket og sikres med skruer med skive på. Leverandør kan og gje tilbod på montering av desse om ønskeleg. Mattene er 1 x 1 meter x 30 mm. av gummi og er da Sport Antishock gummi veggmate, SOFT 30. Disse leveres i grå / hvit miks. Mattene limes sammen sideveis med lim som følger med og kan enten limes eller skrues til eksisterende vegg.

Eit anna og billigare alternativ er å montere opp not over ballveggen, som tek vekk støy

Eit anna alternativ er vidare utgreiing i samarbeid med akustisk kompetanse utgreiast korleis støyskjermingsveggar vil dempe impulsstøyen.

Gjennom m.a. media og synfaring er det komme synspunkt på støynivået som avvik frå klagarane sine merknader. Reelt burde ein ha gitt høve til uttale frå andre partar og brukarane av nærmiljøanlegget (FAU og elevråd), men dette er ikkje gjort. Ein legg saka fram til formannskapet for vidare vurderinga og avgjerd.

Uttale

Frå Teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde føreligg slik uttale i samråd med helsetenesta i kommunen vedk. **Støy frå nærmiljøanlegg ved Sandnes skule**
I samtale med kommuneoverlege Rolf M. Tande har me kome til den konklusjon at det i fyste omgang vil vera hensiktsmessig å prøve ut forslaget til arkitekt bak anlegget Asbjørn Flemmen. Det vil si å montere tynne isolasjonsmattar på innsida av veggene der han er dobbel og ev. setja inn noko avstiving inne i holrommet. Det siste også for å vera sikker på at ikkje laus konstruksjon resulterer i auka støynivå. I etterkant av utførte tiltak **bør det utførast ei ny støykartlegging** for å finne ut om tiltaka har vore vellukka (støynivå redusert - helst til under anbefalte lydnivå – 60 dB, ved næraste bustad). Ein må være merksam på at lyd/støy (rop og spark) frå anlegget vil vera merkbar ved nærliggande bustadfasade (sjølv etter utførte tiltak), men det er viktig at denne vert lågast mogleg (helst under anbefalte lydnivå når det gjeld ballsparking). Lyd frå stemmebruk kan vanskeleg styrast og derfor vanskeleg å redusere utan større tiltak (støyskjerm o.l. nær bustadfasade). Ut frå dialog/møter har eg oppfatta at det er ballsparking mot ballvegg som er det største problemet og ikkje stemmebruk. Me håper at tiltak som er nevnt over vil redusere lydnivået til eit akseptabelt nivå. Andre tiltak må diskuterast etter ny kartlegging dersom ønska effekt ikkje vert oppnådd. Tiltak som tidlegare har vore diskutert er skilting om brukstid (som teknisk har utført) og «lysstyring», som vil verta utført av elektrikar. Om det har vore noko reduksjon i støynivå (særleg på kveldstid) grunna skiltinga har eg ikkje fått kjennskap til.

Frå kommuneoverlegen har vi fått følgjande melding etter dialog med Magne Nesse ,Miljø-og klimaavdelinga , Fylkesmannen i Hordaland ;

Han har gått gjennom det oversendte materialet og seier at undersøkinga/støymålinga som Grethe Elin har gjort er svært godt gjennomført og at det ikkje er grunnlag for nye målingar.

Han seier vidare at det frå klagaren si side er impulsstøyen som er påklaga ,og at det er den vi med tiltak må ha fokus på å dempe.

Impulsstøy som ligg på 68 dB vert opplevd som ei dobling av lydstyrke samanlikna med 60 dB (logaritmisk skala). Det vert tilrådd tiltak i form av demping av resonans i ballveggen slik vi allereie har omtala. I tillegg til dette må det i samarbeid med akustisk kompetanse utgreiast korleis støyskjermingsveggar vil dempe impulsstøyen.

Høyring – dialog -

Møte:	Klagesak støy – frå nærmiljøanlegg Sandnes
Dato/tid:	Torsdag 19.juni kl. 8 – 9.30
Sted:	Kommunestyresalen

Til stades:	Frode Vee-Haugen, Morten Flaterås, Grethe Elin Mjelde, Rolf Martin Tande, Helga Ellingsen, Sveinung Toft, Alf M. Strand, Liv Oda Dale (som repr. TML), Svein Helge Hofslundsengen
--------------------	---

Bakgrunn for møte var m.a. ytterlegare klargjering av saka i høve vidare saksgang og at saka vert lyfta inn for politisk handsaming (formannskapet). Saka har sitt opphav i klageskriv frå innklagarane Frode Vee-Haugen og Morten Flaterås. Nokre tiltak er utført av kommunen for å redusere støy frå nærmiljøanlegget. Vidare har ein fått utarbeidd rapport støymåling ved fotballbane/ballvegg ved Sandnes skule av miljøretta helsevern. Ein såg det som hensiktsmessig å ha eit dialogmøte for å klargjere partane sitt syn på saka, status og erfaringane med førebels utførte tiltak for å redusere støy frå nærmiljøanlegg ved Sandens skule og drøfte litt kring vegen vidare for saka. Noko som ein fekk gjort ved gjennomføring av møte. Det vart vektlagt frå kommunen si side at tiltak som ville bli iverksett/utført ville vere av støydempende karakter, og at innklagarane ikkje kan pårekne «støyfritt» nærmiljø – men støy innafor eit akseptabelt nivå sett frå helsemyndigheitene si side.

Strakstiltak/oppfølging etter møte;

1. skilting, nærmiljøanlegget stengt for aktivitet kl. 23.00 – 07.00 (TML)
2. lysarmatur, automatikk skrudd av (TML) – same tidspunkt som pkt. 1
3. henta inn kostnader og alternativ støydempende tiltak – Alf
4. sakkyndig utgreiing og vurdering – helse & miljøretta helsevern som del av politisk sak, Rolf M. & Grethe

Fakta

Sommaren 2012 mottok kommunen støyklage i samband med nærmiljøanlegget ved Sandnes skule. Det vart avhalde møte mellom klagarane og kommunen i slutten av august 2012 kor tema var støydempende tiltak ved nærmiljøanlegget vart drøfta. Det vart utført støydempende tiltak i form av at halve ballveggen fekk skjerming med netting – dvs. den delen som blir sparka ball mot. Veggen mista slik ein funksjon. Den andre halvdelan har hol i veggen og er berekna for at ballar skal hivast opp i. Det blir upraktisk å skjerme – og vil ta bort hovudfunksjonen til veggen.

Til tross for støydempende tiltak meiner klagarane at støynivå framleis er for høgt, og ein tinga ei kartlegging av støynivå etter purring nr. 2 av 18.juni 2013, og denne målinga konkluderte med

➤ Konklusjon og anbefalte tiltak

Maksimalt støynivå er over det anbefalte og støydempende tiltak må utførast. Dette for å oppnå at maksimalt støynivå er under 60 dB ved nærliggande bustadfasade.

Det vert anbefalt å innhente fagkompetanse på støy og akustikk, slik at evt. støyskjerm vert plassert ut frå akustisk verknad og topografi.

- Støyskjerm eller jordvoll kan vera aktuelle støydempingstiltak, evt lage ei tribune med støyskjermingsvegg. Andre tiltak kan vera å plassere sjølve støyskjermen ved næraste bustad. Skjerming av uteområdet ved bustaden vil i dei fleste tilfeller også sikre lavt lydnivå innandørs.
- Betre støydemping av trevegg vil kunne hjelpe, men dette reduserer ikkje evt. stemmebruk som også kan opplevast som støy for nærliggande bustadar.

Klage og støysak orientert om i formannskapet 9.9.2013, og lagt fram som skriv- og melding Formannskapet des. 2013

Det skjedde i Formannskapet den 03.12.2013:

Skriv og meldingar vart gjennomgått og drøfta.

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	13/4823	I	08.11.2013	Hordaland fylkeskommune	Høyring - Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014 – 2017
2	13/3421	I	22.07.2013	Miljøretta helsevern	Støymåling ved fotballbane/ballvegg ved Sandnes skule
3	13/3032	U	26.06.2013	Frode Vee-Haugen og Morten Flaterås	Melding om delegert vedtak - klage på støy frå nærmiljøanlegg

Klagarane gjekk vidare med saka til Fylkesmannen – som ba om at kommunen fatta eit formelt vedtak i saka, seinare har kontrollutvalet teke saka opp Kontrollutvalet 22.april 14.

15/14 Sak frå ein innbyggjar som klagar på manglande svar frå kommunen

Ein innbyggjar har klaga på manglande svar frå Masfjorden kommune. Saka gjeld klage på støy i eit byggeområde.

Rådmann og ordførar orienterte om status for saka:

Saka har vore oppe i formannskapet som ei drøftingssak på slutten av året i 2013. Det er satt i verk støydempande tiltak.

Saka skal på nytt takas opp igjen i formannskapet som ei formell sak.

Samarbeides vedtak:

Kontrollutvalet tok orienteringa frå rådmann og ordførar til etterretning.

Formannskapet hadde synfaring i samband med møte 13.5.14– og fekk framlagt ein del dokument i saka

Purring nr 2 på svar og etterlysing av vedtak (LJ)60076).pdf (516 kB)	Purring på svar om klage på støy (LJ)61536).pdf (331 kB)
Referat frå møte.docx (19 kB)	Støymåling ved fotballbaneballvegg ved Sandnes skule (LJ)60968).pdf (1 MB)
Vidaresending av klage på støy frå nærmiljøanlegg i Masfjorden (LJ)60610).pdf (357 kB)	VS Purring på svar på klage datert den 17. juni (LJ)53155).rtf (53 kB)
Klage på støy frå nærmiljøanlegget Sandnes leik og fritid (LJ)50668).pdf (505 kB)	Purring nr 2 på svar og etterlysing av vedtak - melding om vedtak (LJ)60253).doc (66 kB)

Administrativt hadde vi møte med klagarane 19.juni '14, og saka vart drøfta og semje om ein del tiltak/framdrift. Dette arbeidet har teke litt tid.

Strakstiltak/oppfølging etter møte;

1. skilting, nærmiljøanlegget stengt for aktivitet kl. 23.00 – 07.00
2. lysarmatur, automatikk skrudd av – same tidspunkt som pkt. 1
3. henta inn kostnader og alternativ støydempande tiltak
4. sakkynndig utgreiing og vurdering – helse & miljøretta helsevern som del av politisk sak

Alle 4 tiltaka er no gjennomført, kostnader pkt. 2 utgjorde nær 16.600 netto.

Pkt.3. Telefonsamtale med Asbjørn Flemmen 20.06 om støyproblema. Han var ukjend med saka. Hadde heller ikkje noko gjennomtenkt framlegg til tiltak, då dette ikkje har vore noko problem på liknande anlegg. Ba oss vurdere tynne isolasjonsmatter på innsida av den innhole veggen og nokre avstivingar inne i det opne rommet. Kostnad ca. 34.000 + montering.

Pkt. 4 teke inn under uttale i saksutgreiinga

Konklusjon